

Evalueringssrapport KVIK 201 h2018

Generelt om faget

Studentane finn faget spanande og teoritungt, eit krevjande fag med stort læringsutbytte. Fleire tilbakemeldingar dreier seg om ynskje om å knytte det teoretiske til aktuelle debattar eller kjente samfunnsfenomen. Det er ynskje om å henge teorien på velkjente knaggar for studentane, slik at samanhengar vert lettare å sjå og forstå. Ynskje om meir tid til grunnleggjande teoretikarar og til vanskelegare teoretikarar som Spivak og Lacan.

Førelesningar

Igjen, teoritungt. Det vert peika på at lange førelesningar er positivt, men at mangel på power point eller førelesningsnotat er negativt. Ein student foreslår å få utdelt ordliste eller stikkord til førelesning i forkant med omgrep som er føresetnader for å forstå førelesinga. Dette for å lettare forstå innhaldet i førelesning, og teoriar som førelesing dreier seg om.

Seminar

For dårleg oppmøte frå studentar. Gruppearbeid og bruk av aktuelle/relevante debattar blir foreslått som tiltak for å auke oppmøte og deltaking/aktivitet på seminar. Seminara i heilheit vert opplevd som positivt, men det vert også vurdert at læringsutbyttet kunne vore større, men at dette heng saman med studentoppmøte og deltaking.

Vurderingsformer og eksamen

Dei munnlege presentasjonane blir tillagt stort læringsutbytte. Fleire synest det var mange presentasjonar/leveringer, altså ei stor arbeidsmengde for heile faget. Mappeeksamen vart vurdert som særleg positivt, det gav moglegheiter for å få nok tid til å forstå teoriar og paradigme. Ein student ynskja seg justerande munnleg eksamen. Gjennomgåande hjå fleire er ynskje om evaluering underveis og rettleiing på oppgåver i forkant av innlevering til eksamen og breiddetest. Dette med ynskje om å få ein peikepinn på eige fagleg nivå og argumentasjonsevne. Ein student foreslår å legge ei obligatorisk oppgåve/innlevering til tidleg i semesteret, ein annan å få meir tid til arbeid med tekst og oppgåver mot slutten av semesteret.